

Øvre Naustdal Utmarkslag v/Normund Svoen

SAKSBEHANDLAR: ALF ERIK RØYRVIK

ARKIVKODE: 2012/482 - 432.2

DATO: 17.02.2012

NAUSTDAL-GJENGEDAL LANDSKAPSVERNOMRÅDE - SØKNAD OM LØYVE TIL SNØSCOOTERTRANSPORT FOR GRUNNEIGARAR - ØVRE NAUSTDAL UTMARKSLAG

Dokument i saka:

- Søknad om bruk av snøskuter frå Øvre Naustdal Utmarkslag

Styret i Naustdal-Gjengedal landskapsvernomsråde gjev medlemmar av Øvre Naustdal Utmarkslag løyve til å nytte snøskuter i samband med transport av varer og materialar til stolar og hytter i landskapsvernomsrådet. Løyvet gjeld i fire år og vert administrert av styret i Øvre Naustdal Utmarkslag. Det føl vilkår med løyvet.

Søknaden

Vi viser til søknad frå Øvre Naustdal Utmarkslag datert 30.01.2012 der utmarkslaget, på vegne av 8 grunneigarar som har stolar/hytter i Naustdal-Gjengedal landskapsvernomsråde, søker om eit fellesløyve til bruk av snøskuter til hyttene/stolane sine. Søknaden gjelder inntil 10 turar årleg til dei 8 hyttene som ligg i dalen frå Vonavatnet og innover til Gotdalen. Foremålet med køyringa til hyttene er naudsynte ærend som grunneigarane har for å ta vare på og kunne bruke bygningane sine.

Utmarkslaget søker om eit fleirårig løyve på 5 år. Styret i utmarkslaget vil forvalte løyvet og fordele turane til dei enkelte brukarane ved behov. Dei skal freiste å få til felleskøyring der dette er mogeleg.

Verneforskrifta

I landskapsvernomsrådet er motorferdsel i utgangspunktet forbode, jf verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Forvaltingsstyresmakta kan likevel gje dispensasjon frå dette forbodet i visse tilfeller, jf. § 3 punkt 5.3: *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

[...]

- e) *transport av varer til hytter og stolar*
- f) *transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på stølshus, hytter, gangbruer og liknande.*

I tillegg må all motorferdsel i utmark vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark. Denne er det kommunen som handsamar. Ein må ha løyve frå grunneigar på grunnen der ein skal køyre.

Forvaltingsstyresmakta si vurdering

Forvaltingsstyresmakta kan, i kraft av reglane i verneforskrifta, gje dispensasjon til transport av varer og materialar til hyttene og stølane i verneområdet. Det er ein viktig del av verneføremålet å ta vare på stølsmiljøa i verneområdet og med det å ta vare på bygningane og halde dei i bruk. I den samanheng vil det av og til vere naudsynt å transportere ting til og frå bygningane.

Bruk av snøskuter og slede på snødekt mark er truleg den mest skånsame måten å transportere varer og materialar til og frå hyttene og stølane i verneområdet. I alle fall når det er snakk om sopass korte avstandar som til desse hyttene.

Det er positivt at eit utmarkslag samarbeider om felles søknad og løyve. Ti turar kan verke mykje for ein søknad, men søknaden gjelder åtte grunneigarar som har kvar sine hytter i verneområdet. Likevel bør ein freiste å samarbeide om transport til hytter som ligger nær kvarandre om det er mogeleg. Ein bør og freiste å samle turane på so få dagar som råd.

Det er viktig å presisere at forvaltningsstyresmakta i kraft av verneforskrifta, ikkje kan gje løyve til reine persontransportar eller til køyring i rekreasjonsføremål. Ein kan derfor berre gje løyve til køyring i tilfelle der det er behov for å transportere noko til hyttene og stølane.

Øvre Naustdal Utmarkslag søker om eit fleirårig løyve med varigheit på 5 år. Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde kan berre gje løyve med varigheit so lenge som det konstituerte styret sitter, altså 4 år.

Vurdering av tiltaket i høve til naturmangfaldlova

Alle vedtak skal, jf naturmangfaldlova § 7, vurdere alle vedtak opp mot naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 om kunnskapsgrunnlaget

Ein kan risikere at villreinen oppheld seg i dette området. Dersom villreinen oppheld seg her, bør ikkje den uroast. Ut over det kjenner ikkje forvaltingsstyresmakta til særskilte natur- eller miljøløverdiar som trengs å takast særleg omsyn til, utover den generelle regelen om at all ferdsel skal skje med varsemd (verneforskrifta §3 punkt 4.1).

§ 9 om føre-var-prinsippet

Tiltakshavar forpliktar seg til å undersøkje om det er villrein i området. Er det grunn til å tru at det oppheld seg villrein i dalføret, skal det ikkje vere motorisert ferdsel der.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning

Ved å samordne transport mellom fleire grunneigarar reduserer ein den samla belastinga. Motorisert ferdsel er uansett på eit lågt nivå i verneområdet, og den samla belastinga er derfor låg.

§11 om kostnadar ved miljøforringelse

Ikkje aktuelt i dette tilfellet.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Bruk av snøskuter til transport vil i dette tilfelle vere det mest skånsame og effektive metoden av omsyn til naturmiljøet.

Framlegg til vedtak

Med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3, og basert på vurderinga ovanfor, gjev Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde Øvre Naustdal Utmarkslag løyve til bruk av snøskuter i samband med transport av naudsynte varer og materialar til hytter og stølar. Løyvet gjeld **ikkje** persontransport eller rekreasjonskøyring.

Løyvet gjeld for 4 år, 2012 til og med 2015. Det kan køyrast inntil 10 turar kvart av åra løyvet gjeld. Styret i Øvre Naustdal Utmarkslag forvaltar løyvet og fordeler turane til grunneigarane ved behov. Transport til fleire hytter skal samordnast der det er mogeleg.

Løyvet er gjeve på følgande vilkår:

- Transportane skal gjennomførast i perioden 1.jan – 15. april i dei åra løyvet gjeld. Det skal ikkje køyrast på sundagar og andre heilagdaggar.
- Omfanget av snøskuterkøyringa skal avgrensast til det som er naudsynt. Kortaste rute som er praktisk mogeleg skal veljast.
- Det skal ikkje køyrast i områder kor det oppheld seg villrein.
- Statens Naturoppsyn v/Rune Holen må varslast seinast dagen før transporten blir gjennomført (tlf. 97 59 51 02).
- Kvart år skal det sendast rapport til forvaltingsstyresmakta om gjennomførte transportar.

All køyring må vere i tråd med reglane i lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag.

Vedtak

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsområde gjer vedtak i tråd med framlegget, og gjev med det løyve til bruk av snøskuter, med dei vilkår som står i framlegget.

Klage

Denne avgjerda kan klagast på av partar eller andre som har rettsleg klageinteresse. Klagefristen er på 3 veker jf. forvaltningslova. Eventuell klage skal sendast til forvaltingsstyresmakta. Det er Miljøverndepartementet som er klageinstans.

Med helsing

Håkon Myrvang (sign.)

Styreleiar

Alf Erik Røyrvik

verneområdeforvaltar

Kopi til:

Direktoratet for naturforvaltning

Naustdal kommune

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

SNIO Sandane v/Rune Holen